



**Arkiv:** FA-Q14, FE-131  
**JournalpostID:** 20/19594  
**Saksbehandlar:** Cecilie Marie Åshamar  
**Dato:** 19.08.2020

## Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
20/032	Stad eldreråd	31.08.2020
20/034	Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne	31.08.2020
20/048	Stad ungdomsråd	31.08.2020
20/114	Utval for areal og eigedom	01.09.2020
20/044	Utval for helse og omsorg	02.09.2020
20/074	Utval for kultur, idrett, samfunn og næring	01.09.2020
20/048	Utval for oppvekst og opplæring	02.09.2020
20/111	Stad formannskap	03.09.2020

### Planprogram for kommunedelplan for veg og trafikktrygging - vedtak

#### Bakgrunn for saka:

Stad formannskap vedtok i møtet 11. juni 2020, F-sak 20/067, oppstart av arbeidet med Stad kommune sin kommunedelplan for veg og trafikktrygging. Forslag til planprogram vart samtidig vedteke lagt ut til offentleg ettersyn. Dette låg ute i perioden 12. juni 2020 til 15. august 2020.

Formålet med ein kommunedelplan for veg og trafikktrygging er å få på plass eit strategisk verktøy for å utvikle transportsystema i Stad kommune. Folk skal kunne ferdast trygt som gåande, syklende og som reisande og bilistar.

Denne saka handlar om å vedta planprogrammet for planarbeidet. Eit planprogram beskriver vegen fram mot endeleg kommunedelplan, og er i korte trekk ei formell prosjektbeskriving etter plan- og bygningslova.

Saka vert lagt fram for råd og utval til orientering. Det er formannskapet som har avgjerdsmynde i denne saka.

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for veg og trafikktrygging vedteke som det ligg føre.

#### Vedlegg i saka:

24.08.2020	Kommunedelplan for veg og trafikktrygging - forslag til planprogram til offentleg ettersyn	1369209
14.08.2020	Svar - forslag til planprogram for kommunedelplan for veg	1368978

14.08.2020	og trafikktrygging - offentlig ettersyn av utkast til plan Til uttale - planprogram - Stad - kommunedelplan for veg og trafikktrygging	1368964
29.06.2020	Uttale- Forslag til planprogram for kommunedelplan for veg og trafikktrygging, Stad kommune	1363981
26.06.2020	Høyringsuttale	1363763
17.08.2020	Innspeil til forslag til planprogram kommunedelplan for veg og trafikktrygging	1369339
17.08.2020	Fartsdumpar og farleg kryss i Kjølisdalen	1369340
17.08.2020	Sykelsti Ervik Haus og Rekkverk	1369341
17.08.2020	Fartsdumper Kjølisdalen	1369342
17.08.2020	Manglande rekkverk 1	1369343
17.08.2020	Trafikktrygging	1369300
17.08.2020	Svar fra Statens vegvesen	1369301
17.08.2020	sPrioritering av TIK	1369302

#### **Stad eldreråd 31.08.2020:**

##### **Handsaming:**

##### **SER- 20/032 Vedtak:**

##### **Stad eldreråd tek Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak til vitande:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for veg og trafikktrygging vedteke som det ligg føre.

#### **Stad ungdomsråd 31.08.2020:**

##### **Handsaming:**

##### **SUR- 20/048 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for veg og trafikktrygging vedteke som det ligg føre.

#### **Stad råd for menneske med nedsett funksjonsevne 31.08.2020:**

##### **Handsaming:**

##### **SRN- 20/034 Vedtak:**

##### **Rådet FMNF tek til vitande Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for veg og trafikktrygging vedteke som det ligg føre.

#### **Utval for areal og eigedom 01.09.2020:**

##### **Handsaming:**

**UAE- 20/114 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for veg og trafikktrygging vedteke som det ligg føre.

**Utval for kultur, idrett, samfunn og næring 01.09.2020:****Handsaming:****UKISN- 20/074 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for veg og trafikktrygging vedteke som det ligg føre.

**Utval for helse og omsorg 02.09.2020:****Handsaming:****UHO- 20/044 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for veg og trafikktrygging vedteke som det ligg føre.

**Utval for oppvekst og opplæring 02.09.2020:****Handsaming:****UOO- 20/048 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for veg og trafikktrygging vedteke som det ligg føre.

**Stad formannskap 03.09.2020:****Handsaming:****F- 20/111 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-13 vert planprogrammet for kommunedelplan for veg og trafikktrygging vedteke som det ligg føre.

**Saksopplysningar:**

### Vedtaksmynde:

Stad kommunestyre har delegert mynde til Stad formannskap for å gjere vedtak i medhald av plan- og bygningslova kapittel 11, jf. punkt 3.2 i Stad kommune sitt delegeringsreglement som vart vedteke av kommunestyret 24.10.2019, KS-sak 19/014.

Stad formannskap har difor vedtaksmynde til å vedta planprogrammet, jf. plan- og bygningslova § 11-13.

### Planprogram som del av planarbeidet:

I planprogrammet vert rammene for planarbeidet fastsett. Eit planprogram er eit eige arbeidsdokument, som ikkje må forvekslast med sjølve kommunedelplanen. I planprogrammet er det gjort nærare greie for bakgrunn, formål, korleis ein tenkjer å legge til rette for medverknad i planprosessen, korleis planarbeidet skal organiserast og kva framdriftsplan ein legg opp til.

### Offentleg ettersyn:

I plan- og bygningslova § 11- 13 står det følgjande: § 11-13. Utarbeiding av planprogram «*For kommuneplan skal det utarbeides planprogram etter reglene i § 4-1. Forslag til planprogram skal sendes på høring og legges ut til offentlig ettersyn normalt samtidig med varsel om oppstart og kunngjøring av planarbeidet, og gjøres elektronisk tilgjengelig på nett. Fristen for å gi uttalelse skal være minst seks uker.*» Sidan planprogrammet vart lagt ut til offentlig ettersyn i sommar, vart det teke omsyn til ferietid, og fristen for å gi uttale vart sett til ni veker. Forslag til planprogrammet låg ute til offentlig ettersyn i perioden 12. juni 2020 til 15. august 2020. Planprogrammet er lagt ved saka.

Det har kome inn seks uttaler i samband med varsel om oppstart og offentlege ettersyn av planprogrammet. Desse er i sin heilskap lagt ved saka.

Uttalene er varierte i innhald og omfang. Under er dei enkelte innspela vurdert nærare i forhold til relevans for sjølve planprogrammet. Innspel til sjølve planarbeidet vert tatt med vidare og vurdert nærare som del av planarbeidet.

## **Oppsummering og vurdering av uttaler**

### Hildegunn Årøen, 26. juni 2020:

Forlenga gang og sykkelveg frå Nord bru til Nes / Skaugset. Utvida 60sone frå Nord til Nes, mange skuleelevar som går langs sterkt trafikert veg.

### Kommentar:

Tatt til orientering. Innspela vert vurdert nærare i planarbeidet.

### Statens vegvesen, 29. juni 2020:

*«Forslag til planprogram for kommunedelplan for veg og trafikktrygging er eit godt utgangspunkt for å sikre trafikktrygge ferdselsårer i Stad kommune. I planprogrammet er det vektlagt at kommunedelplan for veg og trafikktrygging vil vere relevant i forhold til FN sine berekraftsmål om god helse, innovasjon og berekraftige byar og samfunn. Ein god plan for veg og trafikktrygging vil vere eit godt verktøy til å forme andre arealplanar slik at desse gjev*

*løysingar som motiverer innbyggjarane til å velje kollektiv, gange eller sykkel som alternativ til bruk av bil. Vi ser det som viktig at kommunedelplan for veg og trafikktrygging vert eit aktivt og styrande dokument ved utarbeiding av arealplanar i kommunen. Her er det viktig at nye planar føl opp kommunedelplanen og sikrar gode og trygge tilhøve for alle trafikkantgrupper med omsyn til: - trygge og oversiktlege kryssingspunkt i sentrumsområder, men også på vegnettet utanfor sentrumsområde - trygg skuleveg bør og omfatte vegen ein elev må gå frå heimen og fram til busstopp for vidare transport fram til skulen - i vidare arealplanarbeid må det vere ei målsetting å få utbetra avkøyrslar som ikkje stettar krav i N100. I høve medverknad i planarbeidet er det viktig at representantar frå born og unge, samt grupper med særskilte behov, vert inkludert i arbeidet. Ut over dette har vi ikkje merknader til planen og ønskjer lykke til med det vidare arbeidet. Ved behov kan vi kontaktast for å diskutere konkrete problemstillingar.»*

Kommentar:

Tatt til orientering. Innspela vert vurdert nærare i planarbeidet. Det vert lagt opp til ein prosess der medverknad vert ivareteke. Detaljane rundt medverknad vil bli forma undervegs, overordna føringar for medverknad er ivareteke i planprogrammet kapittel 2.2.

Fylkesmannen i Vestland, 13. august 2020:

*«Fylkesmannen ser det som positivt at kommunen prioriterer arbeidet med trafikktrygging.*

*Vi ser det som viktig at kommunen legg vekt på brei medverknad, og at kommunen har særleg fokus på at barn, unge, eldre og menneske med redusert funksjonsevne skal trekkjast inn i trafikktryggingsarbeidet.*

*Vi rår elles til å sjå arbeidet med veg- og trafikktrygging i samanheng med parkar og grøntdrag i kommunen. Generelt vil det vere viktig å sikre ein mest mogleg samanhengande grøntstruktur, med gang- og sykkelveg og stiar som bitt saman m.a. skule, idrettsanlegg, leikeplassar og andre grøntanlegg. På denne måten kan ein m.a. redusere konfliktgraden mellom harde og mjuke trafikantar. Dette har ikkje minst mykje å sei for å gje barn og unge trygg veg til skule og fritidsaktivitetar.»*

Kommentar:

Tatt til orientering. Innspela vert vurdert nærare i planarbeidet.

Vestland fylkeskommune, 11. august 2020:

Fylkeskommunen ser det som positivt at nasjonale og regionale forventningar er følgt opp i planprogrammet. Vidare oppmodar dei om at dei som skal følgje opp planen er aktivt med på utforminga av tiltaka, slik at dei får ein større eigarskap til både planen og trafikktryggingsarbeidet i sin heilskap.

«Medverknad og lokalt engasjement

*Kommunen sitt trafikksikringsarbeid skjer på tvers av tenesteområda. Det er viktig at heile denne aktiviteten, frå det trafikantretta arbeidet i barnehage, skule og på helsestasjon, til reguleringsplanar og fysiske tiltak, vert sett i samanheng. Trafikksikringsarbeidet skjer òg utanfor kommune-organisasjonen – i ulike lag og organisasjonar, og gjennom eldsjeler og engasjerte enkeltpersonar. Medverknad er viktig for å gje planen legitimitet, både hjå innbyggjarar og politikarar. Særleg er det viktig å sikre medverknad frå dei som er*

*målgruppene i trafikksikringsarbeidet dykkar, slik som FAU som de viser spesifikt til. Andre utsette grupper i trafikken enn barn og unge, kan vere eldre, innvandrarak og flyktningar med annan trafikkkultur og -forståing, unge bilførarak og mjuke trafikantar generelt. Å sikre god deltaking frå dei ulike gruppene kan innebere at ein må ha fleire opplegg for medverknad.»*

#### «Tiltak som møter utfordringane

*Som de viser til i planprogrammet, er det lurt å ha ei oversikt over ulukkessituasjonen i kommunen for å finne ut kva tiltak som bør prioriterast. Samstundes veit vi at ulykkesstatistikken ikkje er komplett, og at det ikkje er alt vi har gode tal på for dei enkelte kommunane. Vi har derimot gode tal nasjonalt, til dømes for risikoåtferd i trafikken. Rus, høg fart og manglande bruk av bilbelte er faktorar vi finn att i mange av dei alvorlege ulykkene i landet. Å jobbe for ei betre åtferd blant trafikantane våre er eit felles arbeid der kommunane sin innsats er viktig. I arbeidet med å få foreldre til å sikre barn i bilen – og på rett måte – kan vi i stor grad takke kommunale helsestasjonar og barnehagar for at vi har kome så langt på veg.*

*Ein snarveg til kunnskapen er å inkludere fagpersonar frå andre etatar i planarbeidet. Her kan ein få tilgang på verdifull kompetanse, frå folk med både erfaringar og god kjennskap til fagfelte sine. Vi kan nemne Trygg Trafikk og politiet som viktige bidragsytarak. Sjølv ser vi fram til å følgje og delta i planprosessen dykkar med våre fagfolk innan trafikksikring.»*

#### «Arealforvaltar

*Kommunen kan gjennom si rolle som arealforvaltar i stor grad sjølv påverke trafikksikkerleiken ved å unngå utbygging i område langt unna viktige målpunkt og/eller utan infrastruktur for mjuke trafikantar. Dette sikrar tryggare ferdsl til fots og på sykkel. Det bør og stillast rekkjefølgjekrav til utbyggjarar som sikrar trygge tilhøve for mjuke trafikantar. Det er viktig å sikre naudsynt areal til gang- og sykkeltiltak langs vegnettet, særleg der barn og unge ferdast.»*

#### «Felles innsats

*Nasjonalt tiltaksplan for trafikksikkerheit på veg 2018-2021 er eit sentralt dokument for den samla nasjonale og regionale innsatsen for færre drepne og hardt skadde i vegtrafikken. Denne er og relevant for kommunane sitt arbeid, og vi oppmodar difor kommunen til å kople eigen plan til satsingsområdet i den nasjonale tiltaksplanen. Trygg Trafikk har utforma eit ressursdokument med døme på korleis kommunane kan kome med konkrete tiltak i sine planar som bidrar til dei overordna måla for trafikksikkeringsarbeidet i Noreg. Den nasjonale tiltaksplanen har og eit godt kunnskapsgrunnlag som de kan nytte i arbeidet med dykkar plan.*

*Vestland fylkeskommunen gjer merksam på at Regional transportplan 2018-2027 for Sogn og Fjordane, med tilhøyrande gå- og sykkelstrategi, har fastsett langsiktige strategiar for samferdselsområdet og transportsektoren. Ny Regional Transportplan for Vestland fylkeskommune er under arbeid.»*

#### Kommentar:

*Tatt til orientering. Innspela vert vurdert nærare i planarbeidet. Det vert lagt opp til ein prosess der medverknad vert ivareteke. Detaljane rundt medverknad vil bli forma*

undervegs, overordna føringar for medverknad er ivareteke i planprogrammet kapittel 2.2.

Gunnar Silden, 13. august 2020:

Sender over prioriteringar og innspel knytt til veg og trafikktrygging i tidligare Selje kommune.

Kommentar:

Tatt til orientering. Innspela vert vurdert nærare i planarbeidet.

Kjølsdalen Montessoriskule og –barnehage v/styreleiar i barnehagen Lina Lien Bruland og rektor i skulen Thomas Hals, 14. august 2020:

Har konkrete innspel til tiltak som må til for å betre trafikktryggleiken i området rundt skule og barnehage og i område som vert nytta av skule og barnehage.

Kommentar:

Tatt til orientering. Innspela vert vurdert nærare i planarbeidet.

### **Vurdering:**

Forslag til planprogrammet har lege ute til offentleg ettersyn, jf. reglane i plan- og bygningslova § 11-13. Det kom inn fire uttaler i samband med varsel om oppstart av planarbeidet og offentleg ettersyn av planprogrammet. Kommunedirektøren vurderer det slik at uttalen ikkje medfører behov for endringar i planprogrammet, og tilrår difor at dette vert vedteke som det ligg føre. Relevante innspel vert teke med i det vidare planarbeidet.

### **Økonomiske konsekvensar:**

Planarbeidet vert utført av administrasjonen i samarbeid med eksterne aktørar innanfor tildelte rammer.